

ÅRSPLAN SOLEVÅG SFO



2012-13





Innhald

1. Definisjon og formål for SFO _____ side 3
2. Retningslinjer _____ side 3
3. Reglement _____ side 3
4. Samarbeidsutvalet _____ side 3
5. Målsetjing _____ side 4
6. Barnegruppa _____ side 5
7. Tilsette _____ side 5
8. Foreldresamarbeid _____ side 5
9. SFO-prisar _____ side 6
10. Dagsrytme _____ side 6
11. Klede _____ side 7
12. Lekser _____ side 7
13. Bursdagsfeiring _____ side 7
14. Private leiker _____ side 7
15. Reglement, vedlegg _____ side 8
16. Retningslinjer, vedlegg _____ side 9

1. Definisjon og formål.

Skulefritidsordninga i Sula er eit pedagogisk stimulerande omsorgs-og fritidstilbod for barn i 1.-4. årstrinn og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.

Skulefritidsordninga skal drivast i samsvar med skulen sin formålsparagraf.




Opplæringslova § 13-7.

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur-og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna.

Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn.

Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår.

Areala både ute og inne skal vere eigna for formålet.



2. Retningslinjer for SFO i Sula som gjeld frå 15.10.2009.

(sjå vedlegg)

3. Reglement for Solevåg skule/SFO, vedteke 31.08.2009

-med endringar frå 15.10.2009

(sjå vedlegg)



4. SFO-leiar er representert i samarbeidsutvalet ved skulen.

5.MÅLSETJING VED SOLEVÅG SFO

Målsetjinga ved vår SFO er å tilretteleggje for ein trygg, triveleg og innhaldsrik fritid, ved at vi jobbar med å stimulere til leik, læring og sosial samhandling. For at barna skal bli trygge er det viktig at dei blir kjent med dei vaksne, dei andre barna, det fysiske miljøet ute og inne, reglar og rutinar.

FOR BARN I SFO-ALDER ER LEIK DEN VIKTIGASTE AKTIVITETEN.

Leik er aktivitet ut frå eiga lyst og ei viktig kjelde til læring, spesielt dei første skuleåra.

Gjennom leik utviklar barna språk, omgrep og kommunikativ kompetanse, får øving i kroppsmeistring og motorisk dugleik, praktisering av samarbeid, trening i å lære og følgje reglar og prøve ut i fantasien det ein skal gjere i røynda.

Leikprega tilnærming til organiserte oppgåver og aktivitetar kan skape motivasjon og interesse og gjere opplæringa spanande og allsidig.

For å oppnå LÆRING OG SOSIAL SAMHANDLING er det viktig med grensesetjing.

ALLE MENNESKE TRENG GRENSER. Grensene skal hjelpe oss til å bli sosialisere, det vill seie kunne tilpasse oss andre, kunne tilpasse oss samfunnet rundt oss.

Vi kan samanlikne grenser med køyrereglar som skal gjere det lettare for oss å orientere oss, unngå skade på oss sjølv og andre og kunne kome trygt fram.

Grenser skal ha som mål å gjere mest mogleg sjølvstendig og setje ein i stand til å kunne gjere fornuftige val når ein skal stå på egne bein.

Grenser må setjast på ein slik måte at ein ikkje knekker sitt sjølvbilete/ sin identitet, men styrkjer individet sitt behov for å vere eit meistrande menneske.

RESPEKT

- dei vaksne ved Solevåg SFO viser respekt ved å helse med namn**
- ved å gå bort til den man snakkar til.**
- vise interesse ved å lytte og sjå.**

6. Barnegruppa:

29 1. klassingar
32 2. klassingar
17 3. klassingar
1 4. klassingar

1. og 2. klassingane har sin SFO-base, BASE A i 3 etg.
3. og 4. klassingane har sin SFO-base , BASE B i 2 etg.

7. Tilsette:

ELISABETH NERGÅRD SFO-leiar

BASE A.

ASTRID SLINNING Baseleiar
SANDRA HAVNEGJERDE
LINDIS DYBVIK
SHIHO FISKERSTRAND

BASE B

EVA VANGSNES Baseleiar
ANNE-GRETHER SUNDE
HEIDI SUNDE



8. Foreldresamarbeid.

SFO-leiar deltek på det første foreldremøtet som 1.klasse har om hausten. Her blir det gjeve informasjon om SFO-tilbodet. Det vil også bli arrangert eit foreldremøte for alle som har barn på SFO . Hente- og bringesituasjonar er samarbeidsituasjonar, og elles er det berre å ta kontakt med SFO-leiar på på tlf. 70197821



9.SFO-PRISAR gjeldande til 31.12.2012

SFO-tilbod	Pris	Søskenrabatt	
Plasstype	Pr. mnd	25%	50%
1. OPPALD FULLTID	2427	1821	1214
2 OPPHALD INNTIL 15 TIMAR PR VEKE	1871	1407	936
3. OPPHALD INNTIL 10 TIMAR PR VEKE	1444	1083	722
4. Korttidsopphald på dagbasis. Kr 165,-/dag for barn utan fast plass, kr. 138,- /dag for barn med plass.			
7. Korttidsopphald på timebasis. Kr. 62,-/time for barn utan plass. Kr. 48,-/time for barn med plass.			

MATPENGAR

ALLE BETALAR 150 KR I KOST ,SOM KJEM PÅ SFO BETALINGA.

10.DAGSRYTME/RUTINAR.

Morgontid 7.15 – 08.30. Dei som har morgontid møter på Base A.

Måndag t.o.m. torsdag er SFO-tida frå 13.10-16.30

Fredag er SFO-tida frå 12.15-16.30

Når barna kjem på SFO registrerer vi dei i ei bok, når dei blir henta blir dei utskrevne. På førehand avtalte fridagar er notert i boka.

Vi har også rutinar for daglege beskjedar.

Måltidet byrjar 14.00

Ved vår SFO får barna eit måltid kvar dag.

Vi varierer måltida med å ha smøremåltid, kornblandingar varm mat og frukt/grønsaker ,vårt mål er sunn kost. (sjå månadsplanar)

Ved Solevåg SFO får barna tilbod om ulike aktivitetar, barna får sjølv velge om dei vil delta. Dei organiserte aktivitetane er lagt i tida 14.15-15.30.

Det blir sendt ut MÅNADSPLANAR for å informere om aktivitetar og mat.

Dette året gjev vi tilbod om t.d.leksehjelp, gymaktivitetar, formingsaktivitetar,taujungel,skogen med grue og gapahu
leikematriell både ute og inne.



11. Klede.

På SFO er det mange barn, så det er naudsynt at kledda til barna blir **godt merka**.

Barna må ha ekstra skifteklede i korga på plassen sin, og dei må ha klede som egner seg til å vere ute i, uansett vær.

Alle må ha innesko. Vi har våte og tørre soner i bygget.

12. Leksehjelp

Frå 01.08.2010 er det innført gratis leksehjelp for elevar på 1-4 årssteg i den offentlege grunnskulen etter opplæringslova § 13 – 7 a :dette er eit frivillig tilbod.

”Kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp for elevar på 1-4 årstrinn. Tilbodet skal vere gratis for elevane. Elevane skal ha rett til å delta på leksehjelptilbodet, men det skal vere frivillig om dei ønskjer å delta.

(1)-2-3-4 kl har tilbod om leksehjelp i sfo. Leksehjelp er etter at barna er ferdig på skulen. Dei held til på sine klasserom saman med ein vaksen frå sfo.

Onsdag (1) og 2 kl 45 min.

Man-tor 3-4 kl 45 min. Dei elevane som ikkje har plass i sfo, men som melder seg på leksehjelp vert sende heim etterkvart som leksehjelpa er unnagjort for dagen.

13. Bursdagsfeiring.

Bursdagsbarnet får bursdagskort så tett opp til bursdagen som mogleg.

Vi syng bursdagssong, og barnet får ei lita gåve.

Vi legg opp til feiring utan ”søte saker”.

14. Private leiker.

Det er ikkje lov å ha med seg dataspel og lignande. jfr skulen sine ordensreglar. Der er lov å ha med seg leiker som stimulerar barna til fysisk aktivitet. t.d hoppetau, jo-jo, ballar osv.

SFO tek ikkje ansvar for private leiker.

